



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellesråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: OL485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/09/26

Dato:
01.09.2026

Innkalling til møte i Fellesrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Onsdag 16. september 2026 kl 17.30

Sakliste:

- 15/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
- 16/26 Meldingar
- 17/26 Omklassifisering av gravfelt
- 18/26 Økonomisk kvartalsrapport, 2. kvartal 2026
- 19/26 Kyrkjelege avgifter 2027
- 20/26 Satsar for gravstell 2027
- 21/26 Budsjett KKF 2027
- 22/26 Møtekalender hausten 2026
- 23/26 Val av arbeidsgjevar-representantar til administrasjonsutvalet
- 24/26 Fastsetjing av reglement for administrasjonsutvalet i KKF
- 25/26 Utlysing av stilling som kyrkjeverje

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL M Ø T T !

For Fellesrådet:

Kjell Dysvik, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

15/26 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 20. mai 2026 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

16/26 Meldingar

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande.

- Kyrkjeverje Olav Skeie Lid har sagt opp si stilling med verknad frå 1. mai 2027. Med tanke på kontinuitet og overføring av kunnskap er det ynskjeleg at ny kyrkjeverje er på plass frå 1. april 2027. Sjå elles sak 25/26.
- Reinhaldar Siv Ljones har sagt opp si stilling som reinhaldar i Strandebarm kyrkjelydshus frå 1. august 2026. Kyrkjeverje har engasjert Torill Gjerde som ny reinhaldar, med kontraktstid eitt år om gongen, på pensjonistvilkår.
- I samsvar med vedtak 05/26 har kyrkjeverje tilsett Bjørn Kåre Thorvaldsen i stillinga som kyrkjegardsformann i 100% vikariat frå 15. juni 2026 – 15. juni 2027. I same tidsrommet har Ntagambwa Mbonumuremyi (Bonje!) gått inn i stillinga som kyrkjetenar i 40% ved Øystese kyrkje.
- Ordninga med ukrainske Yurii Ptashnikov som slåttekar har fungert framifrå. Han gjer svært godt arbeid, og haustar mykje vellæte for vakre kyrkjegardar.
- Fellesrådet har motteke kr 300 000 til overordna forprosjekt retta mot eit framtidig tiltak for restaurera Øystese kyrkje. Restaurerings-tiltaket vil å stor grad likna på det som vart utført i Strandebarm, med omlegging av helletak som det mest ressurskrevjande. Imidlertid har Øystese kyrkje også utfordringar med sjølve tak-konstruksjonen, som inneber at dette truleg vert eit meir omfattande inngrep enn i Strandebarm. På den andre sida: me skal ikkje leggja ny kopar på tårnet – det hjelper på. Dette overordna forprosjektet er fullfinansiert av kyrkjebevaringsfondet, og belastar verken Kvam herad eller fellesrådet sin økonomi i denne omgang. Kvam herad er kjent med prosessen vår, og har gjeve oss tilsagn på at dei er innforstått med sin medverkande rolle, når hovudprosjektet eingong kjem på trappene – dog utan noko form for garanti. Dette vert eit budsjett-spørsmål, når den tid kjem. Kyrkjeverje har innleia samtalar med Akasia i Bergen med tanke på hjelp til å gjennomføra dette overordna forprosjektet. Det er rimeleg omfattande greier, som innbefattar mange kuratorar og konsulentar, og like mange ulike fag . Puh. I sum er arbeidet alt for stort for oss til å greia åleine – og Akasia har tung kompetanse på området. Ikkje minst er det dei som har gjennomført tilstandsanalysen som ligg til grunn for søknaden vår. Arbeidet med det overordna forprosjektet skal utførast våren 2027.

- Fellesrådet brukte relativt lite på trusopplæring i vårhalvåret 2026. Me fekk ingen fast trusopplærar i Julie Haaberg sin barselpermisjon. Me fekk likevel utført dei viktigaste trusopplæringstiltaka som var planlagde, ved hjelp av innleigde krefter. No står hausten for døra, og i tillegg til Solveig Sangolt sin permante retur, vil det difor vera økonomisk rom for å plussa på med litt innleigd arbeidskraft til enkelte av trusopplæringsprosjekta.
- Nye stolar til Øystese kyrkje er no på plass kring borda i kyrkja. Vakre er dei også. Takk til anonym gjevar for raus gåve! Dei gamle klappstolane er no leverte attende til Ingebrigt Vik-museet, etter 20 års lån. Ingen hadde sakna dei.

17/26 Omklassifisering av gravfelt

Framlegg til vedtak: Kyrkjeleg fellesråd, som gravferdsforvaltning i Kvam, godkjenner at kistefelt 1, 2 og 3 i Vikøy vert framtidige urnefelt. Vedtaket berører ikkje eksisterande kistegraver eller reserverte kistegraver på desse felta, men gjeld gjenbruk av kistegraver som blir sletta.

Den øvre kyrkjegarden i Vikøy er av nyare dato. Den vart teken i bruk i 1996, og har svært få ledige graver i dag. Dei aller fleste graver er i dag i fredningstida, som er dei første 25 åra etter gravlegging.

Imidlertid har det vist seg at jordsmonnet på desse felta ikkje er optimalt for kistegravlegging. Vidare ser me ein heilt klar endring i at fleire velgjer kremasjon i dag. Etter kyrkjevevja sitt syn er det difor ei naturleg løysing at felt 1, 2 og 3 for framtida vert urnefelt. Dette ligg ganske langt fram i tid, - dei aller fleste kistegravene der oppe vil rimelegvis bli festa vidare, også etter fredningstida på 25 år. Men etterkvart som graver går naturleg ut dei neste ti-åra, vil det bli opna for urnegraver i staden for. Dei krev mykje mindre plass, noko som også gjer at talet på graver på sikt kan doblast, der ei sletta kistegrav gjev plass til to urnegraver. Urner står også høgare i jorda, slik at ei urnegrav uansett ikkje vil koma i konflikt med eksisterande kistegraver.

18/26 Økonomisk kvartalsrapport, 2. kvartal 2026

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande. Det førebelse resultatet er på pluss 1 116 107,- så langt i år.

Kommentar:

Kyrkjevevjen har ei oppriktig von om at fellesrådet si drift kan gå i pluss dette året, - men er som alltid likevel uroa over mangelen på samsvar mellom ressursar og dei oppgåver fellesrådet til ei kvar tid er sette til å løysa. Sjå deg ikkje blind på kvartalsresultatet! – det har lag til å endra seg kraftig ut gjennom året. Mange vedlikehaldsbehov er sett på permanent vent, vel vitande om at ting aldri ordnar seg sjølv. Spådomane for straumpris gjennom vinteren er heller ikkje lysteleg lesnad. Kyrkjevevje vil halda fram å gjera dei nødvendige – og upopulære - tiltak for å koma i balanse med økonomien. Me har i år kutta bort 1, 25 stillingar – det vil merkast på økonomien over tid.

Resultatrapport og kommentarar til rekneskapsstatus ligg som eige vedlegg til innkallinga.

19/26 Kyrkjelege avgifter 2026

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tilrår fylgjande satsar for kyrkjelege avgifter for 2027 til Kvam heradsstyre.

Dette er ei årleg øving: desse avgiftene gjeld kommunale tenester for gravferdsforvaltninga. Etter vår tilråding skal Kvam heradsstyre så vedta desse i budsjettet sitt.

Me har fått opplyst av Kvam herad at deira tilråding for prisauke for avgifter og gebyr er på kr 3,5 %. Det er ingen grunn til at me skal tenkja annleis. Tabellen er difor som fylgjer, med litt avrunding til næraste fornuftige tal:

For gravferder:	2026	2027
Festeavgift for grav	460	480
Festeavgift for grav over 60 år	920	960
Utanbygds avgift, gravferds-seremoni i kyrkje	11 200	11 750
Utanbygds avgift, kiste-nedsenking	6 750	7 150
Utanbygds avgift, urne-nedsetjing	2 750	2 900
Namneplate i minnelund	7 500 + mva	7 900 + mva

20/26 Satsar for gravstell 2027

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek fylgjande satsar for gravstell for sesongen 2027:

	2026	2027
Standard avtale	2350	2450
Redusert avtale	1825	1925

Me steller eit stadig aukande antal graver i Kvam. Me har passert 250 med god margin, og nye kjem til heile tida. Også for denne tenesta er det naturleg å nytta den same auken i prosent som for kyrkjelege kommunale avgifter – med litt fornuftige avrundingar.

21/26 Budsjett 2027

Framgg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner framlagde budsjett som retningsgjevande, og sender det til Kvam herad som vårt innspel i samband med budsjettprosessen. Når budsjettsum frå kommune er kjent i desember 2026, vil fellesrådet gjera sitt endelege budsjettvedtak.

Budsjettkommentar:

- Auken i det ynskte drifts-tilskotet frå Kvam herad tek opp i seg pris- og lønssstigning, samt eit ynskje om å kunna ha driftskapital gjennom året. Me viser til vår utfordrande økonomiske situasjon, og tillet oss å be om kr **8 100 000,-** for 2027. Dette er 9 % auke frå

2025, og kan synast høgt. Det er i det høvet verdt å nemna at Kvam framleis ligg svært lågt på overføringar til kyrkja kva angår driftsmidlar, samanlikna med tilsvarande kommunar. For inneverande år utgjer det kommunale tilskotet til kyrkja **0,6%** av kommunen sitt totale driftsbudsjett. Snittet for tilsvarande kommunar er på om lag **0,9%**. Heradet har likevel vore rause med investeringsmidlar dei siste åra– det må ikkje gløymast. Heradet sin vanskelege situasjon må me også ta inn over oss.

- Fellesrådet har kutta sterkt i bemanning dei siste åra, og har i dag **20%** færre årsverk enn for 5 år sidan.
- Investeringar: For 2027 er det naturleg å be om at namna minnelund til Norheimsund kyrkje vert prioritert av Kvam herad. Øystese minnelund er for lengst teken i bruk – og opplever sterk etterspurnad. Norheimsund minnelund har eit ferdig forprosjekt, og kan gjennomførast i 2027. Budsjettsummen for denne er stipulert til kr 3,5 mill.

Driftsbudsjett 2027

0		Budsjett 2027	Budsjett 2026	Årsregnskap 2025
010	Fastlønn, feriepengar mm	6 400 000	6 400 000	7 127 168
020	Vikarer	150 000	75 000	0
080	Styrehonorar	50 000	45 000	48 750
090	Pensjonskostnad	1 145 000	1 100 000	1 105 744
098	Refusjon NAV, lønnstilskot	-650 000	-624 000	-1 505 578
095	Yrkesskedeforsikring	51 000	50 000	42 273
165	Andre personalkostnader	0	0	-72 864
099	AGA	757 476	746 876	774 623
100	Kontormateriell	160 000	150 000	157 288
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/ utstyr/tjenester (herunder konf.leir)	525 000	500 000	520 891
270	Kjøp av tenester	400 000	375 000	388 609
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	115 000	100 000	111 275
140	Annonser, reklame, info og repr.	100 000	80 000	53 881
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	30 000	25 000	16 627
240	Bilkostnader	120 000	80 000	116 015
170	Køyre godtgjersle	100 000	150 000	73 710
180	Energi	700 000	500 000	426 609
120	Renhold, renovasjon	220 000	150 000	213 281
185	Forsikringar, inkl. bil	360 000	300 000	316 458
190	Leie av lokaler og grunn	15 000	15 000	6 250
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	260 000	250 000	236 249
200	Inventar og utstyr	50 000	50 000	27 976
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	45 000	35 000	41 290
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	65 000	60 000	560
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	360 000	350 000	66 447
240	Serviceavtaler og reparasjoner	205 000	200 000	118 993

250	Materialer til vedlikehold, inkl arbeidskle	155 000	150 000	222 198
265	Vakthold og vektertjenester, alarm	50 000	50 000	25 739
270	Rekneskap og revisjon	360 000	350 000	320 146
350	Refusjon til menighetsråd	0	0	
195	Kontingentar	105 000	100 000	179 326
110	Andre kostnader, inkl. tap på krav	105 000	100 000	876 100
429	Mva som gir rett til momskompensasjon	500 000		
500	Renteutgifter	25 000	40 000	74 882
510	Avdragsutgifter			
530	Dekning av tidligere års regnskapsm. merforbruk	0		
540	Avsetning til disposisjonsfond	0		
550	Avsetninger til bundne fond	0		
570	Overføring til investeringsrekneskap		30 000	
580	Regnskapsmessig overskudd	0		
590	Avskrivninger	625 000	500 000	624 806
Sum		13 658 476	12 482 876	12 735 722
		922 754	315 282	19 648 387

Inntekter		Budsjett 2027	Budsjett 2026	Årsregnskap 2025
600	Brukerbetaling ved kirkelige tjenester	200 000	150 000	50 114
	Annonseinntekter kyrkjeblad	100 000	75 000	102 000
610	Betaling fra deltakere (konfirmantar, inkl. leir)	210 000	240 000	352 010
	Billettinntekter	25 000	30 000	20 175
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	1 050 000	800 000	1 044 940
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester (Gravstell)	430 000	400 000	399 263
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner/tilskot frå NAV	270 000	260 000	
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	800 000	650 000	422 017
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	1 525 000	1 490 000	1 359 418
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	8 100 000	7 400 000	14 669 986
850	Tilskudd fra menighetsråd	50 000	50 000	0
870	Tilskudd/gaver fra andre, kyrkjeblad	150 000	250 000	135 599
	Andre inntekter	150 000	150 000	648 033
900	Renteinntekter	75 000	40 000	90 488
950	Bruk av bundne fond	0		

930	Bruk av udisponert frå tidl år	0		
980	Regnskapsmessig underskudd	0		
990	Motpost avskrivninger	625 000	500 000	624 805
Sum		13 660 000	12 485 000	19 918 848
	Resultat:	1 524	2 124	7 183 126
				7 531 527
	Investeringsbudsjett 2027			
Utgifter				
	Namna minnelund Norheimsund	3 500 000		
		0		
520-529	Klp-eigenkapital			27 621
550	Avsetninger til bundne fond	0		
580	Regnskapsmessig overskudd	0		
Sum		3 500 000	0	27 621

Inntekter				
870	Tilskudd/gaver fra andre	0		
970		0		
980	Kvam herad	3 500 000	0	
			0	
950	Bruk av bundne fond	0		
Sum		3 500 000	0	0

22/26 Møtekalender hausten 2025

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd fastset fylgjande datoar for møte i fellesrådet hausten 2025:

- **16. september**
- **4. november**
- **2. desember**

23/26 Val av representantar til administrasjonsutvalet

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd velgjer Kjell Dysvik, Margun Tordal og Vetle Karlsen Eide som arbeidsgjevar-representantar i administrasjonsutvalet ut denne valperioden. Personlege varapersonar er Astrid Helleve Fylkesnes (for Kjell Dysvik), Magne Kolstad (for Margun Tordal) og Astrid Lunestad (for Vetle Karlsen Eide)

Adminstrasjonsutvalet er eit lovpålagt, partssamansett organ i fellesrådet. Utvalet har vore til dels sovande og uklart dei siste åra, noko kyrkjeverje seier seg lei for. I samband med fleire viktige prinsipp saker som kjem i horisonten, er det heilt naudsynt å vekke til live utvalet att. Dette handlar om demokrati og påverknad på sin eigen arbeidsplass for dei tilsette. Dei tilsette har to plassar i utvalet, arbeidsgjevar har tre. Dei tilsette har no valt sine representantar, no attstår at arbeidsgjevar velger sine.

24/26 Fastsetjing av reglement for administrasjonutval i Kvam kyrkjelege fellesråd

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek det framlagde reglementet for administrasjonsutval som gjeldande

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET I KVAM KYRKJELEGE FELLESRÅD

Utvalet skal utføre oppgåvene sine i samsvar med føresegnene i forvaltningslova og offentleglova. Spørsmål om habilitet skal vurderast etter forvaltningslova § 6, der ein legg til grunn både objektive kriterium og skjønsmessige vurderingar. I tillegg gjeld kyrkjeordninga §§ 22–24 og Hovudavtalen § 10.

1. Val og samansetjing

Administrasjonsutvalet består av minst tre medlemmer valde av og frå fellesrådet, og minst to medlem peika ut av og blant arbeidstakarane.

Dersom ein eller fleire arbeidstakarar er medlem i ein arbeidstakarorganisasjon med partsrett, skal arbeidstakarrepresentantane peikast ut i samsvar med reglane i Hovudavtalen § 10.

Arbeidstakarar kan ikkje veljast som arbeidsgivarrepresentantar.

Arbeidsgivarrepresentantane blir valde blant representantane i fellesrådet. Fellesrådet vel leiar og nestleiar blant arbeidsgivarrepresentantane i utvalet.

Både arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane blir valde eller peika ut for ein periode på fire år (tilsvarande valperioden for soknerådet). Dersom særlege grunnar talar for det, kan arbeidstakarsida skifte ut sine representantar etter to år.

Dersom ein medlem går ut av utvalet, blir nytt medlem valt eller peika ut for resten av perioden. Dersom leiaren går ut, skal det veljast ny leiar.

Det skal veljast eller peikast ut personlege varamedlemmer for både arbeidsgivar- og arbeidstakarrepresentantane.

2. Mandat

Administrasjonsutvalet er fellesrådet sitt partssamansette utval.

Utvalet har eit overordna ansvar for spørsmål av personalpolitisk karakter og skal bidra til å setje slike saker på dagsorden.

Utvalet skal behandle saker som omhandlar forholdet mellom fellesrådet som arbeidsgjevar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovudavtalen § 10-1.

3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

Administrasjonsutvalet fattar vedtak innanfor dei rammene som følgjer av lov, forskrift, vedtak i fellesrådet og fastsette budsjetttrammer.

Utvalet har avgjerdsmynde i følgjande saker:

- **godkjenning av stillingsomtalar**
- **konstituering i stillingar**
- **avgjerd i saker om permisjon utover gjeldande permisjonsreglement**
- **avgjerd i tvistar om høve til bierverv (jf. arbeidsreglementet)**
- **tolking av fellesrådet sine reglement om tilsetjing og arbeidsvilkår (tolking av tariffavtalar følgjer reglane i Hovudavtalen § 5)**
- **andre saker som fellesrådet delegerer til utvalet**

4. Saker der utvalet har uttalerett

Administrasjonsutvalet skal gi uttale i følgjande saker:

- **tilsetjingar i fellesrådet**
- **tilsetjing av dagleg leiar/kyrkjeverje og andre leiarstillingar der fellesrådet tilset**
- **oppretting, nedlegging eller endring av stillingar**
- **fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, til dømes permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, arbeidsreglement og andre lokale reglement**
- **utviklings- og omstillingsprosessar, inkludert nye organisasjons- og bemanningsplanar (jf. Hovudavtalen § 10-1 b)**
- **innføring av ny teknologi eller vesentlege endringar i tekniske hjelpemiddel**
- **forslag til effektiviseringstiltak**
- **andre saker av personalpolitisk karakter som fellesrådet legg fram for utvalet**

5. Møte i administrasjonsutvalet

Utvalet skal ha møte når leiaren finn det nødvendig, eller når minst to medlemmer krev det. For å sikre framdrift og kontinuitet bør det utarbeidast ein årleg møteplan.

Utvalet blir innkalla skriftleg med minst 7 dagars varsel. Saksdokumentar blir sende til medlemmer, varamedlemmer og andre med møterett.

Møta i utvalet blir som hovudregel haldne for lukka dører.

Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, inkludert leiar eller nestleiar. Vedtak blir fatta med alminneleg fleirtal. Ved stemmeliikskap er leiaren si stemme avgjerande.

Dagleg leiar/kyrkjevevje, eller den vedkomande peikar ut, er sekretær for utvalet. Sekretæren har møteplikt, samt tale- og forslagsrett.

Leiaren i fellesrådet og dagleg leiar/kyrkjevevje har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet, sjølv om dei ikkje er medlem eller sekretær.

Sekretæren kan, i samråd med leiaren, innkalle andre personar ved behov.

Det skal først møtebok som blir sendt til medlemmer, varamedlemmer og andre med møterett så snart som mogleg etter møtet. Møteboka skal også sendast til medlemene i fellesrådet.

6. Gyldigheit

Dette reglementet gjeld frå vedtaksdato 16. september 2026 og inntil det blir endra eller oppheva.

25/26 Utlysing av stilling som kyrkjevevje i Kvam

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd bed kyrkjevevje snarast setja i gang prosessen med å søkja etter ny kyrkjevevje, med tanke på tilsetjing frå 1. april 2027. Fellesrådet ynskjer å nytta relevante og innarbeidde plattformer som Vårt Land, Kirkejobb, Dagen, lokalavis og NAV som rekrutteringsarena. Økonomien til fellesrådet tilseier at me ikkje vil nytta oss av eksterne rekrutteringsbyrå.

Fellesrådet oppnemner leiar Kjell Dysvik, nestleiar Astrid Helleve Fylkesnes og geistleg representant Vetle Karlsen Eide som intervju- og innstillingsutval. Fellesrådet tilset kyrkjevevje i plenum etter innstilling frå utvalet, og etter tilråding i administrasjonsutvalet.

Rekruttering er alltid ei utfordring, og kyrkjelege stillingar er ikkje noko unntak. Ei leiarstilling som kyrkjevevje i Kvam må arbeidast grundig med, og det er viktig at stillingslysinga når breiast mogeleg ut. Når kyrkjevevje likevel vurderer at dei ordinære kanalane som har vore nytta tidlegare, også med fordel kan nyttast no, så handlar det utelukkande om økonomi. Fleire fellesråd har nytta rekrutteringsfirma med hell, - men har også betalt mykje for dette. Eit seksifra beløp må reknast med. Det er alltid ei avveging mellom kost og nytte.

Kyrkjevevje finn det naturleg at kyrjekontoret står for den administrative biten av utlysinga, med utlysing av stilling og innhenting av søknadar etc, - men at fellesrådet sine folkevalde – utan kyrkjevevje - utgjer intervju – og innstillingsutvalet. Det får vera opp til fellesrådet å vurdere om dei meiner at dei i tillegg treng innleigde eksterne krefter i denne intervju-prosessen fram mot tilsetjing.